

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: N. Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rånke.

Emne: Vannbæring.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan P. J. Dybraad

Gard:

(adresse): Hell p. a.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spørsmål 1:

Ja, vatn^{er} blitt og blir framleis i mange heimar båret heim med vasstre og bøtter. Vassgreie eller vasstre er det vanlege namnet her i bygda. Det er brukt av begge dei nemte typer, både dei som har ein utholing til halsen og dei som er mere bein eller rett. Derimot er den typen med rein over nakken ikkje kjent her.

Trå gammel tid har det nokk vært brukt vidjer og trekroker, men seinare er det gått over til jarnlenkjer og jarnkroker. Nokke særskildt namn på dei einstilte delane kjennes ikkje til. Trebøtter vart brukt heilt til århundradstiftet.

Spørsmål 2:

Nei, denne metoden som er nemnt under punkt 2 er ikkje brukt. For å hindre at vatnet skvulper over kan bruket ei treskive som glyter på vatnet hvis ein kjører vatn i

åpent karv. (sjå spm. 6.)

Spørsmål 3:

I mange høve kan nok vasskarret bli sett på vanleg kjelke, serleg når vatnet er gått tørt på de vanlege plassane så dei måtte på lengere avstander etter det om vinteren.

Spørsmål 4:

Det var nok for det meste kvinnene som bar vatnet, både kona og tjenestegjentaene og ~~dei~~ også dei større barna.

Spørsmål 5:

Desverre er dette metoder som brukes den dag i dag på mange av dei mindre bruk utover landsbygda. Det er helst på dei små bruk; men det er også større gardar som har nytta desse bruksmåtene som her er nemnt heilt til i den siste tida.

Spørsmål 6-7:

Stor sett kan ein seia at det på dei fleste gardar og bruk er det innlagt springvatn både i fjøs og kjøkken; men det er ikkje alle stader det er sikkert vatn, så det ^{min} skjeres på stede om vinteren og på vegen om sommeren i frå meste holdbare plasser tds. elva, når det treffer inn lengre tørkebolkar. No for tida byggjast det ikkje mange nye heimar utan at vassspørsmålet først er løyst. Ellers er det planer om større vassverk-anlegg i bygda, i allefall for dei mest tettbebygde delane.